

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND

1948

Namnet på vatnet

Ljingsvatnet

Kommune .....

Skard

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving  
av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap  
v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært  
samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i  
Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

## S V I N E S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 21. august 1979.

Vatnet ligg i Strand kommune, på sørsida av R.13 mellom Botne og Kvalvåg, og med Ådnanesnuten i nord.

Arealet er omlag 6 ha.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men jamt over er det et heller grunt vatn.

Stranda består av stein og fjell, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Det er stort sett gjærmebotn over det heile.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Det er ein frodig vegetasjon i vatnet og ein vil finna botngras, brasmegras, nøkkeroser, siv- og algevegetasjon.

Nedslagsfeltet femner om skogsmark, der furuskog dominerar, men og med innslag av lauvskog.

Hovudtilsaget fell inn i sør-aust, og avlaupet renn ut i nord-vest, til sjøen i Sandvika.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er omlag 4,0 m og fargen på vatnet gullig-brun som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt 2 stader og ein kom til same resultat pH 5,8. Dette er godt brukande for aure.

Innhaldet av kalk(Ca/l) er målt til 2,85 mg/l og den totale hardheita (CaO/l) til 4,25 mg/l. Dette er relativt bra samanlikna med andre analyserte vatn.

Elektrisk leiingsemne (uS/cm) er målt til 28,0.

Gjennomstrøyminga er relativt stor.

Mageprøver.


For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne fjærmygglarver, fjærmyggpupper, ertemusling, øyenstikkerlarver, linsekrepss, luftinsekter og daphnia (plankton). ein ganske allsidig meny.

Fisk m.v.

Fiskeslaga i vatnet er aure og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 21 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara, og vidare på cm-klassar, får vi desse grafiske framsyningane.



Det vart teke prøver av alle dei fanga fiskane og av desse var det 16 hanfiskar og 5 hofiskar.

7 av fiskane (33 %) var gytefisk - resten gjeldfisk.

Alle fiskane var kvite i fiskekjøttet.

11 av fiskane (52 %) var angripne av parasittar.


Medelvekta av alle fiskane var 49.9 gram. Den største fisken var 65 gram.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter				
	1år	2år	3år	4år	5år
Medellengd i cm	4.3	9.2	13.9	17.0	17.9
Årleg lengdetilvekst i cm	4.3	4.9	4.7	3.1	0.9
Antall fiskar	21	21	21	17	1

Medel kondisjonsfaktor = 0.89 tilseier mager, langstrakt fisk.

Vi set nedanfor opp ein vekstkurve for auren i Svinesvatnet og samanliknar denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr.år).





Som vi vil sjå av vekstkurven, så syner auren i Svinesvatnet ein noko dårleg lengdetilvekst og ligg under normalen frå fyrste år av. Den vekststagnasjonen som gjer seg gjeldande ved 4 års alder skuldast berre ein fisk, så dette kan ein sjå bort frå. Det er truleg at den forlenga lina frå 4 års alder er meir rett, og at fisken går mot ei maksimal lengd på ca. 22 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene kan vi slå fast, at tilhøva for fiskeproduksjon er relativt gode i Svinesvatnet. Vidare at vatnet er sterkt overbefolka i dag.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva, så har vatnet ei god "bufferemne", slik at svingningane i pH gjennom året, ikkje er så store. Mageprøvene syner at mange verdfulle næringsdyr er å finna. Cm-klasseinndelinga syner at fisken har stagnert i vekst ved 17-18 cm lengd og heile 95 % av fiskefangsten er å finna her. Vidare fortel omfarfordelinga at 95 % av aurane vart fanga på det eine garnet av omf. 32.

Ser vi på vekstkurven, så er ikkje denne så god som ynskjeleg, og kondisjonsfaktoren er dårleg. 52 % av fisken var angripne av parasittar, noko som er vanleg i overbefolka vatn.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei avgjerande rolle når det gjeld næringstilgang, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Det er herfrå at vatna får tilsiga sine, og dei stoffa som tilsiga fører med seg vil setja sitt preg på vatnet - enten til godt eller vondt. Nedslagsfeltet for Svinesvatnet er bra i så måte og stort sett med jordsmon og skog over det heile. Dette er såleis i stand til å nøytralisere den sure nedbøren ein får nå for tida og vasskvaliteten blir bra både for næringsdyr og fisk.

Dei gode gytetilhøva i hovudtilsiget, saman med minimal utfisking, har ført til overbefolkning. Kvart år kjem nye årgangar med yngel og småfisk ut i vatnet, og blir ikkje denne årlege tilveksten hausta, hopar den seg opp og gjev utslag i vekststagnasjon og kvalitetsforringing.

#### Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at det blir starta eit grunneigarlag (fiskelag) for vatnet, då ein berre på denne måten kan få full kontroll. Det må

setjast opp vedtekter og vatnet må opnast for stangfiske mot løysing av rimelege fiskekort.

Vidare må ein setja i gang utfisking med småmaska garn eller ruser, for dermed å få fram større fisk og betre kvaliteten. Kjøp inn 3 garn av omf. 32 og driv utfisking med desse. Beste resultat vil ein oppnå ved å setja garna i nærleiken av innfallsosane om hausten når nettene er lange og mørke. Alt etter 2-3 år vil ein kunna sjå stor forskjell på fiskestorleik og kvalitet. Då det er mykje ål i vassdraget, må grunneigarane nyttiggjera seg denne. Ålen er ein godt betalt matfisk (kr. 28.00 pr. kg) og kan lettast fangast ved å montere ei ålefelle i avlaupsbekken. Det er som kjent om hausten, under store flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Ved å gjennomføra dei tiltaka som her er peika på, trur ein grunn- og fiskerettseigarane vil få meir glede og nytte av Svinesvatnet. Det er eit altfor godt vatn til å ha liggjande slik som i dag og underskrivne vil om ynskjeleg vera hjelpesam med å setje dei tiltaka som her er peika på, ut i livet.

Stavanger 1/2 1980

Einar Berg